



Jostein med laksen på 6 kilo som han fanga laurdag. (Foto: Geir Samland, Seimsfoss)

Godt hjelpe av regnværet har det vore eit reint ut sagt eventyrleg fiske i Uskedalselva i det siste og Jostein Almås frå Sagvåg på Stord har nok opplevd det største eventyret: Han har fanga 11 fiskar og rundt rekna 20 kilo fisk på 4 fiskedagar!

Det er nok årsrekord - eller er det nokon som slår han?

Jostein har vore ein ivrig fiskar siden han var 6-7 år gamal, men det var først i fjor han vart fiskar i Uskedalselva. Då etablerte han seg med campingvogn på Øyro med kone og to ungar, som no er 8 og 3 ½ år. Det var viktig å koma nær ein god fiskeplass.

No har familien Almås fått løyve til å byggja tretelt og det må bety at dei blir enda fastare knytt til elva og Uskedalen.

Og Jostein er så langt ikkje i tvil om at valet av stad var rett, for her er den imponerende fiskerekneskapen hans:

*I fjor fekk han ein tert på 1 ½ kilo og mista ein laks på 4-5 kilo.

*Under ferien på 3 veker i sommar mista han 4 fiskar på mellom 1 ½ og 2 kilo og fekk ingen på land.

* Lørdag for ei veke sidan fekk han ein tert på 1 kilo og var godt fornøgd.

* Sundag opplevde han det han sjølv kallar eit eventyrleg fiske. Før frukost fekk han tre fiskar i den samekulpen. Det var ein aure på 1 kilo, ein aure på 2,2 kilo og ein tert på 2 kilo.

Men ikkje nok med det, same dag fekk han ein tert til på 2 kilo.

*Denne helga har Jostein fått eit tert på 2,5 kilo, ein aure på 1 kilo i den same kulpen, ein laks på 3,5 kilo og ein laks på 6,8 kilo som var 90 centimeter lang. Men i dag har han mista 2 fiskar.

Men det stoppar nok ikkje der!

Når uskedalen.no spør Jostein kva som er den viktigste eigenskapen for ein fiskar, er svaret klart:
- Å vera tålmodig!

Av Ola Matti Mathisen



Dette er fangsten til Jostein så langt denne helga! (Foto: Ola Matti Mathisen)